

Serverer brun lapskaus og lappar til skulelunsj.

24.02.2017



Elin Enes hadde god hjelp av desse flinke kokkane fra 3.klasse.

I dag har dei skikkeleg sunn og god skulelunsj på Uskedalen skule. Elevane får servert kjempegod brun lapskaus og herlege lappar. Det er Elin Enes i Elins Matgleder som både sponsrar og organiserer det gode måltid. Det er imponerande kva den dama får tid til! Dette skjer i innspurten før opninga av silobutikken i morgen.

Elin har hatt god hjelp med tillaginga av maten som i dette øyeblikk vert servert dei 115 elevane ved Uskedal skule. 3.klasseelevane har vore veldig flinke og har hjelpt til med å laga 40 liter lapskaus, medan 6.klassingane har steikt 150 lappar. Elin Enes seier at elevane har vore kjempeflinke, og matentusiasten legg til:

- Tenk om alle barn i Norge kunne fått sunn lunsj på skulen kvar dag .... Det trur eg hadde gitt gode læringsresultat, utjevna forskjell på fattig og rik, samt god sosial læring!

Uskedalen.no kjem tilbake med meir frå det gode måltidet.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Elin Enes.